

**Sak 2/2023 Oppfølging etter Skate sitt toppleiarseminar 2023**

Behandlingssak

**Forslag til avgjerd**

- Skate vil følge opp toppleiarseminaret med (minst) to konkrete kommunikasjonstiltak for gjennomføring det neste halvåret:
  - Tiltak x
  - Tiltak y
- Skate ber Skatesekretariatet samle evalueringane av toppleiarseminaret til bruk i planlegginga av neste seminar.

**Presentasjon av saka****Føremål med saka**

Skate organiserer eit digitalt seminar for toppleiare i offentleg sektor kvart anna år. 8. februar 2023 var tema for seminaret «Samanhengande tenester med brukaren i sentrum». Seminaret var inndelt i fire diskusjonar:

- 1) Innleiande samtale
- 2) Samarbeid på tvers og over forvaltningsnivå
- 3) Digitalt utanforskap
- 4) Nasjonale grunndata

I overkant av 200 toppleiare frå heile offentleg sektor var påmeldte til seminaret. Ei evaluering er sendt ut i etterkant, resultat frå denne ligg vedlagt.

Skatesekretariatet vil samle erfaringar frå evalueringa og tilbakemeldingar frå Skate slik at desse kan takast med i førebuingane av neste seminar om to år.

I tillegg bør seminaret følgast opp før neste toppleiarseminar. Nedanfor følger forslag til korleis det kan gjerast.

**Resultat frå deltakerevalueringa**

Ei evaluering blei sendt ut til alle påmeldte på seminaret kort tid etter seminaret var avslutta. 39 respondentar har svart. Nokre hovudfunn frå evalueringa er mellom anna:

- 53,9 % meiner at seminaret var fagleg nyttig og relevant for eiga verksemd (score 4-6 av 6).
- 69,2 % meiner seminaret vart gjennomført på en teknisk god måte (score 4-6 av 6).
- 59 % var totalt sett nøgde med seminaret (men 33,3 % ga karakter 3 av 6 og 35,9 % ga 4).
- 64,1 % av deltakarane arbeider i statlege verksemder, 30,8 % i kommunar.
- På spørsmål om kor nøgde deltakarane var med dei ulike delane av seminaret på en skala frå 1 til 6 med 6 som beste resultat var vurderinga:
  - 3,8 av 6 av den innleiande samtalen.
  - 3,7 av 6 av samarbeid på tvers og over forvaltningsnivå.
  - 4,0 av 6 av digitalt utanforskap.
  - 3,9 av 6 av nasjonale grunndata.
- 48,7 % vil melde seg på neste toppleiarseminar. 46,2 % er usikre.
- I dei opne merknadene kjem det fram at fleire ønska fleir eksempel og meinte seminaret blei for overordna og lite konkret.

Ei full oversikt over resultat og spørsmål frå evalueringa er samla i ei vedlagt presentasjon.

**Forslag til oppfølging**

Skate har uttrykt at dei ønsker å vere meir synlege i det offentlege ordskiftet, og bidra til økt debatt om digitalisering. Toppleiarseminaret var ein god anledning for å gjere nettopp dette. Det gir og rom for å bygge vidare på den merksemda Skate fekk gjennom seminaret, og til å reise nye debattar framover.

Eksempel på vidare kommunikasjontiltak for Skate kan mellom anna vere:

- Felles kronikkar/debattinnlegg (om tema frå toppleiarseminaret eller andre saker Skate er opptekne av).
- Pressemelding eller kronikk til møtet med statsråden i mai.
- Toppleiarfrukost under Digitaliseringskonferansen 2023. Det overordna tema for konferansen er "Tøffere tider - tid for lagspill".
- Arendalsuka. Skate kan invitere til ein debatt om digitaliseringspolitikk generelt, eit meir avgrensa tema, eit dialogmøte med frivillig sektor eller anna.
- Dagsnytt 18 eller andre debattprogram på TV/radio.

### **Til diskusjon i Skate**

- Har Skate innspel og reaksjonar på korleis toppleiarseminaret 2023 var planlagt og gjennomført?
- Korleis bør vi byggje vidare på toppleiarseminaret for å gjere Skate meir synlege framover?
- Bør toppleiarseminaret følgjast opp på andre måtar?

### **Vedlegg**

- Sak 2-23 Vedlegg Deltakerevaluering Skates topplederseminar 2023

---

Saka leggst fram av Frode Danielsen  
Saksframlegget er utarbeidd av Digdir  
Oslo, 6.3.2023